

Sogndal kommune
postmottak@sogndal.kommune.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

18.01.2021

Sogndal kommune – Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel

Søknad

Sognekraft AS viser til løyve til bygging av Mundalselvi kraftverk vedtatt ved kongeleg resolusjon den 20. september 2018.

I kommuneplanen sin arealdel for Sogndal kommune er Mundalselvi kraftverk planlagt i område med status LNF-område. Nybygging av kraftverk er ikkje i tråd med retningslinjene for LNF-område, og tiltaket er dermed ikkje innafor gjeldande arealbruksformål.

Sognekraft AS søker med dette dispensasjon frå gjeldande føresegner knytt til kommuneplanen sin arealdel for bygging av Mundalselvi kraftverk i tråd med planane slik dei er skildra i konsesjonen, sjå nve.no.

Nødvendige opplysningar i tilknytning til søknaden er gitt under.

Mundalselvi kraftverk

Sognekraft AS fekk i september 2018 konsesjon etter Vassressurslova, Vassdragsreguleringslova og Energilova til å bygge Mundalselvi kraftverk. Oversiktskart og situasjonsplan er vist i vedlegg.

Mundalselvi kraftverk har eitt bekkeinntak i nedste enden av Mundalsfjellstølen. Derifrå vert vatnet ført først 150 meter gjennom eit borhol i fjell, og deretter om lag 1000 meter i nedgraven røyrgate til kraftstasjonen som ligg ved Mundalselvi om lag 3 km frå Fjærlandsfjorden. Frå kraftstasjonen vert krafta ført i jordkabel til ein eksisterande trafostasjon ved Fjærland skule, og derifrå går krafta ut på eksisterande nett.

I dag går det ein skogsveg/jordbruksveg innover Mundalen til om lag kote 190, denne vegen vil bli rusta opp slik at ein får inn nødvendige transportar til kraftstasjonen. Frå omtrent der skogsvegen sluttar, skal det byggast ein mellombels anleggsveg, som kryssar elva og går opp til nedste enden av boreholet. Bekkeinntaket skal byggjast veglaust, og betongen skal flygast inn med helikopter.

Planstatus

Etter ny plan- og bygningslov frå 2009 er det ikkje lenger krav om reguleringsplan for produksjonsanlegg som har konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova. Det er likevel krav om at anlegga skal vurderast i høve til planføresegnene i plan- og bygningslova.

I Arealdel til kommuneplanen 2013-2023, (gjeldande kommuneplan) har områda som er omfatta av arealinngrep i samband med Mundalselvi kraftverk status som LNF-område.

Behandling etter anna lovverk

Mundalselvi kraftverk har konsesjon etter vassressurslova og vassdragsreguleringslova, der NVE og OED er styresmakt. NVE gav i første omgang avslag på søknaden. Sognekraft og grunneigarane klaga på vedtaket, og OED tok klagen til følgje og gav konsesjon 18.09.2018.

NVE ved avdelinga i Førde skal behandle detaljplan for miljø og landskap. Denne planen vert sendt på høyring til mellom anna fylkesforvaltaren, fylkeskommunen og kommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde § 9 undersøkingar etter kulturminne i juli 2019. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller indikasjonar på slike i området som er råka av utbygginga.

Med helsing
Sognekraft AS

Susanne Svardal
Prosjektleder

Vedlegg: Oversiktskart og situasjonsplan